

**Fra:** Gunnhild Sandvin (gunnhild.sandvin@eidfjord.kommune.no)

**Sendt:** 18.05.2016 08:47:20

**Til:** Marte Hagen Eriksrud

**Kopi:**

**Emne:** Nasjonal transportplan 2018 - 2029

**Vedlegg:**

Hordaland fylkeskommune  
pb. 7900  
5020 BERGEN

Dykker ref.	Arkivsakid-doknr:	16/256-3	Saksh:	Gunnhild Sandvin	Arkivkode	Dato:
	Journalpostid:	16/2785	Telefon:	53 67 35 27	K1 - 113	18.05.2016

## Nasjonal transportplan 2018 - 2029

Eid fjord kommunestyre - 16/027:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

### UTTALE FRÅ EIDFJORD KOMMUNE

#### 1. Minimum høg råme

Eid fjord kommune meiner at skal ambisjonane om både å ta igjen etterslep i vedlikehald, og ha evna til å gjennomføra heilt nødvendige investeringar må minimum høg råme leggjast til grunn for NTP 2018-2029. Samtidig må kostnadsveksten knytta til større samferdselsprosjekt gjennomgåast med tanke på meir standardisering av utbyggingsmetodar og gjeldende vegnormer.

#### 1. Finansiering og parallel utbyggjing av hovudvegsamband aust-vest

Eid fjord kommune forventar at Stortinget ved valg av hovudvegsamband mellom aust og vest også prioriterer tilstrekkelige midlar og gjennomføringsressursar, slik at utbyggjinga av dei valgte vefsambanda kan gjennomførast parallelt. Ei utbyggjing i prioritert rekkefølgje vil i realiteten bety at ein fjellovergang vert valgt på bekostning av dei resterande.

#### 1. Samfunnsøkonomiske vurderinger

Eid fjord kommune meiner at det er positivt at det vert lagt vekt på samfunnsnytten ved vurdering av større infrastrukturinvesteringar, men meiner at det også må leggjast vekt på breidare samfunnsøkonomiske vurderinger. Ikkje-prissette konsekvensar må balanserast inn i totalvurderinga av samfunnsnytten på ein betre måte enn i dag.

#### 1. Vinterregularitet på fjellovergangar

Eid fjord kommune meiner at valget av dei ulike hovedsambanda mellom austlandet og vestlandet skal gjerast for å sikre ei samanknytingnytning av nasjonal betydning. Samtidig er det avgjerande å styrkjavinterregulariteten, både over Hardangervidda og Hemsedalsfjellet. Ved å velgja Rv7 Hardangervidda, og ei lang tunnelløysing, vert også villreinproblematikken

løyst på ein fullgod måte.

### **1. Rassikring**

Stortinget må ha fokus på trygge vegar, og auka satsinga på rassikring både på riks- og fylkesvegar. For Eidfjord kommune er det svært viktig å få sikra Rv 7 ved Bergafadlet. Vidare må Hordaland fylkeskommune få tilført nok midlar slik at Fv 103, Simadalsvegen, vert rassikra tidleg i planperioden.

### **1. Vossabanen Voss-Arna-Voss og Ringeriksbanen/E16 Skaret-Hønefoss**

Eidfjord kommune legg til grunn at utbyggjing av veg og bane mellom Arna og Voss vert finansiert og realisert parallelt, då dette vil gje reduserte totalkostnader for samfunnet. Dette vil og gje gode ringverknader for utvikling av bu- og arbeidsmarkedsregionen, Hardanger-Voss. I tillegg vil utbyggjing av Ringeriksbanen gjera Bergensbanen attraktiv både for person- og godstransport.

### **1. Rv 13 Fjordvegen**

For Eidfjord kommune er det viktig at Rv.13 får tilført nødvendige midlar til rassikring og standarheving, slik at dette kan realiserast i komande planperiode. Dette er eit viktig indre nord-sørsamband som utfyller og kompletterer Rv.7 som aust-vestsamband.

### **1. Reiseliv og reiseveg**

Reiselivsnæringa er ei av næringane som er i størst vekst. Norge har gode moelegheiter til å ta sin del av denne veksten ved å utnytta invisteringane som ligg i satsinga på Nasjonale turistvegar. Det er dirfor avgjerande at dei 18 nasjonale turistvegane vert fullført i løpet av 2023 slik det er planlagt. Dette inneber at det meste av turistvegløyvingane på 1,4 mrd. kr (basisramma)vert sett inn i 2018-2021 og 2022-2023.

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

Gunnhild Sandvin  
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok